

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

DESEMBER 2022

Innhald

- | | |
|--|----|
| Leiaren har ordet av Ågot Gammersvik | 2 |
| Det nye styret av Ågot Gammersvik | 5 |
| «Det er den draumen me ber på»
Olav H. Huges diktunivers av Hans. H. Skei | 6 |
| Grunngjeving for tildeling av Amboltprisen | 17 |
| Praktisk udugelighet av Kristoffer Chelsom Vogt | 19 |
| «Dei beste dikta i verda er sonettar»
av Alf Gunnar Eritsland | 23 |
| Dikt og dagbok - ei jamføring
av Torbjørn Ljones | 29 |
| Jolahelsing fra Ågot Gammersvik | 34 |
| Kort om skribentane i dette nummerert | 35 |



LEIAREN HAR ORDET av Ågot Gammersvik

I september møttest styret for Venelaget Olav H. Hauge på Voss, der vi gjennomførte eit styreseminar for å drøfta strategi og handlingsplan for arbeidet vårt dei neste to åra. Med nokre nye medlemmer, og ein del som har arbeidd i styret over lengre tid, kan vi både tenkja fornying og tradisjon. Dette vil gå fram av dei viktigaste punkta i Handlingsplanen som eg vil gjera greie for i det følgjande.

Målsetting for handlingsplan

Strategi- og handlingsplanen legg grunnlaget for styret sitt arbeid i perioden 2022–2024. Kvart område vert omtalt med tiltak, målsetting og finansiering. Styret vil handsama planar og budsjett for gjennomføring av ulike tiltak. Styret legg opp til eit godt samarbeid i styret, og mellom Venelaget og Haugestiftinga og andre samarbeidspartar.

Venelaget

Organisering av laget går fram av vedtektene;

«Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting»

Kontakten med medlemmene vert gjennom å utgje Venelagsheftet, arrangera medlems-kveldar, senda ut orienteringar via e-post og facebook, og gje rabatterte billetter til dei arrangementa som Venelaget har ansvar for.

Venelaget skal også utnemna valnemnd som gir framlegg til styremedlemmer på årsmøtet.

Vi planlegg fire styremøter i året, to om hausten og to om våren, og elles etter behov.

Årsmøte vert halde annakvart år, og neste årsmøte vil bli under Poesifestivalen i 2024.

Haugestiftinga

Haugestiftinga har hand om boksamlinga etter Olav H. Hauge. Det finst ein elektronisk søkbar katalog, noko som kan nyttast av Haugeinteresserte. Arbeidet med skanning av bøkene er starta opp, og er eit samarbeid mellom Haugesenteret og Nynorsk Kultursentrum.

Venelaget for Olav H. Hauge skal oppnevna ein styrerepresentant og eit varamedlem til styret for Haugestiftinga. Styreleiar Ågot Gammersvik med vara Marit Hafting er valgt av styret i Venelaget til å sitja i dette styret i inneverande periode. Målsettinga er å arbeida for eit godt samarbeid mellom Venelaget og Haugestiftinga.

Medlemstal

I 2021 hadde Venelaget 183 medlemmer. Pr 1.9.22 hadde laget vel 200 medlemmer. Facebook-gruppa Venelaget Olav H. Hauge har no over 5500 medlemmer og dette har vore stigande siste året. Det vert difor viktig for laget å arbeida for å auka tal på medlemmer.

Medlemsarrangement

Styret ynskjer å tilby opne medlemsmøter med foredrag og kulturprogram med tema om Olav H. Hauge og diktinga hans. Utgifter til foredragshaldar og kulturaktørar vert dekkja ved billetter, tilskot frå Venelaget og andre organisasjonar. Vi ynskjer å gjennomføra eit til to arrangement i løpet av 2023.

Det første programmet vil verta arrangert i Tromsø våren 2023. Her blir det «Haugekveld» med program av Liv B. Osa og Knut Hamre. Styret satsar på å få gjennomført arrangementet i samarbeid med Tromsø mållag.

Poesifestivalen

Poesifestival for 2024 kan vi no starta å planleggja, og styret vil i god tid finna ei høveleg fordeling av oppgåver.

Målet må vera å få eit godt tilbud til medlemmane og besøkjande til Poesifestivalen Finansiering vert løyst ved at Venelaget stiller med frivillige, har kostnader til arrangementet på Rossvoll og dekker kostnadane ved billettinntekter og omsøkte midlar.

Utvikling av medlemsfordeler

Styret ynskjer å halda fram med å gje medlemmene gratis adgang til Haugesenteret i Ulvik.

Når det gjeld andre arrangement vil medlemmer kunne få tilbud om rabatterte billetter.

Mediaplan - synlege i samarbeid

I siste årsmelding for Venelaget melder det førre styret at dei finn det krevande å nå ut til nye og gamle medlemmer, og at det kan vera tid for å tenkja nytt i høve til eksisterande tiltak. Det vert viktig å finna vegar for å satsa på å nå medlemmene i ei tid der det meste vert formidla på sosiale media. Styret vil difor utarbeida ein mediaplan for lettare å kunna nå medlemmene og med rimelegare løysingar enn utsending via posten.

Venelagsheftet

Venelagsheftet har kome ut med to nummer i året med i overkant av 30 sider for kvart nummer. Teksten vert skriven i Word av forfattarane, og ein redaksjon i styret har ansvar for å hente inn stoff, sette det saman, finne illustrasjonar og lese korrektur. Allkopi har gjort ein stor innsats med å redigera stoffet til eit ferdig hefte.

Styret vil halda fram med å gje ut medlemsbladet «Venelagsheftet» i juni og i desember. Vidare vil det verta arbeida for ny layout og bruk av fargebilete. Vi vonar slik å betra kommunikasjon med medlemmene via «Venelagsheftet». Heftet vert kalkulert til om lag kr 38.000 pr. nr. i trykking og utsending. inkludert honorar for eksterne bidrag.

Internett

Venelaget har ei eiga heimeside. Teknisk er den gjerne lite brukarvennleg både for styre og medlemmer, men også for andre lesarar. Styret arbeider for å finna ei sams løysing for å knyta vår heimeside opp mot Haguesenteret, og dette vil vi finna løysing for i tida framover.

Slik vil styret lettare kunna spreia informasjon om Venelaget og kunna nå nye og gamle medlemmer.

Sosiale medier – facebook

Venelaget har eiga facebookside, der det vert lagt ut informasjon med gjevne mellomrom, og når det er noko å fortelja om arrangement mv. Fb-sida har 5500 følgjarar, noko som seier ikkje så reint lite om interessa for Olav H. Hauge. Berre få av følgjarane er aktive deltakarar på sida.

Styret ynskjer å auka aktiviteten på facebook for å nå både medlemmer og nye brukargrupper.

Amboltprisen

Annakvart år deler Venelaget ut Amboltprisen. Denne går til ein person som har gjort mykje for å gjera Hauge si dikting kjend. Prisen vert delt ut i samband med Poesifestivalen i Ulvik. Prismottakaren får kr 10 000,- og ein støypt ambolt som bilethoggar Leif Gjerme har laga.

Det nye styret fekk fullmakt av årsmøtet til å drøfte vidare arbeid med Amboltprisen, både statuttar, prisbeløp og prisnemnd.

DET NYE STYRET av Ågot Gammersvik

Det nye styre i Venelaget Olav H. Hauge hadde sitt første møte under Poesifestivalen i Ulvik 9. september. Vårt konstituerande møte fann stad på Rossvoll under trea i Olav H. Hauge sin eplehage, i varm og vakker augustsol. Det kunne ikkje vore ein meir inspirerande stad å starta enn nettopp her. På årsmøte i Ulvik dagen før vart følgjande styre valgt;

Leiar; Ågot Gammersvik	Styremedlem: Torbjørn Ljones
Styremedlem: Guri Hjeltnes	Styremedlem; Vidar Vambheim
Styremedlem; Marit Hafting	Varamedlem; Alf Gunnar Eritsland

På vårt konstituerande møte beslutta styret å prolongera tida for varamedlem Ingebjørg Winjum, slik at §7 i vedtektene vert oppfylt. Der står følgjande: «Det skal veljast to varafolk» Det nye styret har hittil hatt to styremøter, og er godt i gang med arbeidet.

Vi vil takka det avtroppande styret med styreleiar Olav Ljones for eit omfattande arbeid for Venelaget Olav H. Hauge, og for vel gjennomført Poesifestival 2022.



Foto av det nye styret. Frå venstre Vidar Vambheim, Ingebjørg Winjum, Ågot Gammersvik, Guri Hjeltnes og Marit Hafting. Torbjørn Ljones og Alf Gunnar Eritsland var med i møtet på Teams. Innfelt foto av Torbjørn Ljones og Alf Gunnar Eritsland.

«DET ER DEN DRAUMEN ME BER PÅ»
OLAV H. HAUGES DIKTUNIVERS av Hans H. Skei



Rossvold med utsikt over fjorden.

Foto Guri Hjeltnes.

Nordisk Tidsskrift begynte i 2022 ein serie med artiklar om nordiske lyrikarar i det 20. hundreåret med det norske bidraget - ein presentasjon av Olav H. Huges lyriske forfatterskap. NTs norske redaktør gir her eit kortfatta oversyn over Huges biografi, men hovudvekta ligg sjølvstøtt på diktsamlingane og nokre utvalde enkelt-dikt.

Det tok lang tid før Hauge fekk den plassen i norsk litteratur som han utan tvil har i dag - som vår fremste lyrikar etter andre verdskrigen. Han utvikla seg sakte frå å vere ein romantisk visjonær til å bli ein jordnær og folkeleg vismann, men er samstundes både romantikar og modernist. Olav H. Hauge (1908–1994) står i dag fram som ein av dei viktigaste og mest sentrale norske lyrikarane i andre halvdel av det tjuande hundreåret. Det tok lang tid før det blei klårt for dei fleste som les dikt kor stor han verkeleg var. Han debuterte heller seint, i 1946, og blei lagt ordentleg merke til først på 1960-talet då ein ny generasjon yngre poetar nærast tok til å dyrke han. Han budde åleine og dyrka eple på eit lite bruk i Ulvik i Hardanger, men han las dikt og bøker om dikting og diktarar, og blei

etter kvart ein av våre fremste til å omsette dikt. Han var utdanna gartnar, og levde i hovudsak av å dyrke eple, for diktsamlingane som kom med fem års mellomrom blei det ikkje mange pengar av. Men i alle fall frå 1961-samlinga, *På ørnetuva*, som han fekk Kritikarprisen for, fekk stadig fleire auge opp for han. Han fekk eit festskrift til 60-årsdagen og eit nytt på 70-årsdagen; dikt i utval og så *Dikt i samling* byrja å kome ut. Det har kome monografiar, doktoravhandlingar, ein stor biografi, artikkelsamlingar, brevveksling, og det heile toppa seg med utgåva av dagbøkene hans - *Dagbok 1924–1994* i fem tjuke band i 2000. Denne utgjevinga gjorde òg at fleire oppdaga diktaren og dikta hans, og fekk eit anna syn på kven han var og kva han sto for. Alt som er skrive om han etter at dagbøkene kom ut, brukar dagbøkene i så stor grad at diktargjeringa kan kome i skuggen. Det er nok eit skilje i Hauge-resepsjonen nettopp ved dagbøkene, og sjølvstøtt er dei ei skattekasse på nesten alle måtar. Viktigast er likevel at dei auka interessa for Huges dikt – og det er den lyriske diktinga det skal handle om her. Og vi byrjar med eit av hans mest kjende dikt. Så følgjer ei kort biografisk skisse, før vi samlar oss heilt ut om diktargjeringa til ein mann som ei tid blei kalla «europæaren frå Ulvik» eller blei karakterisert som «gartnar og diktar». Ei stund såg han ut til å skrive seg inn i ein tradisjonstung nynorsk lyrikktradisjon, men mykje tyder på at han sto friare og meir ubunden frå første stund. Det at Hauge held fast på nynorsk-normalen frå 1917 og til dømes nyttar i-endingar, gjer han korkje gammaldags eller utdatert. Det er levande norsk språk han nyttar, også når det kan vere vrient for ein moderne lesar.

Det kan vere ein brukbar inngang til forfatterskapen å hente fram ein av sonettane til Hauge, kanskje den vakraste av dei alle - eit dikt som handlar om eit anna kunstverk, eit målarstykke:

Til eit Astrup-bilete

Kan hende drøymde dei um dette her
å møtast på ein klote, på ein stad
der hegg og apal stend i syreblad
og blømer slik ei dulgrøn vårnatt nær

ved fjorden? Vera saman, planta bær
og så ein innvigd åker rad for rad
med urter bak ein steingard som dei la
kring helga lundar, dei som fyre fer?

Dei er i riket sitt og sår si jord.

Og vårnotti er ljøs av draum og gror.
Dei legg ikkje merke til at ein kjem stilt

i snjoskardet, og stig på vatnet no.
Men då dei natta, såg dei månen vod
i gullserk ute der so unders mildt.

Diktet er frå samlinga *På ørnetuva* (1961), ei samling der einsemd og tvil og uvisse, men også ein slags stoisk aksept av livsvilkår er gjennomgåande tematiske trekk. Diktaren spør seg «Kva er mine ord?», og svarar «Stormkrøkt skog, ... fjellgrindar imot dags herjande eld». Ord kan vere fattigslege, men naudsynte som motvekt mot kvardagens utfordringar og plagar, som livgjevande trøyst når livet er på det hardaste. Men orda kan, som i dette diktet, vere meir enn stengsel og vern mot noko; dei kan verne om det ein har, om det så berre er draumen. Og draumen er her den diktaren ser i ein reproduksjon han har fått tilsendt av målarstykket «Vårnatt i hagen» av Nikolai Astrup som vaks opp i eit liknande landskap som Hauge (Jølster i Sogn). Biletet syner to menneske, mann og kvinne, som er bøygd over arbeidet med å plante i ein åker som ligg bak ein steinmur. Fjorden er også med på biletet slik snøkledd fjell er det, og over det heile har vi ein måne som legg ei lysrand over fjorden. Enkelt, vakkert, symbolsk, nesten mytisk. Huges sonett stiller to spørsmål til menneska på biletet: Var det dette dei drøymde om? Og om så var, er draumen blitt til røyndom, er det blitt slik dei tenkte? Svaret synest å vere eit jublande JA: «Dei er i riket sitt og sår si jord.» Dei har funne fram, til kvarandre, jorda, arbeidet som er heilag og sakralt (urter blir sådde i «helga lundar»). Så langt er målar og diktar innafor same røyndom, men mot slutten av diktet blir vi flytta ut av biletet og får diktarens forståing av korleis det var «då dei natta». Det kan synest som dei ikkje legg merke til noko som er eit trugsmål, men den som «stig på vatnet no», er berre månen som attpåtil vader i gullserk og er heilt ufarleg.

Så finst det von likevel, så let det seg gjere å finne saman, å møtast i eigentleg forstand, vera saman? Målarstykket syner at det er slik, diktet vidarefører tanken, men under ligg det ein mistanke på lur: Er eit slikt møte mellom menneske, samvær og samarbeid over tid, mogleg andre stader enn i kunstens rike? Uansett – det må ha vore ei kjensle av rein lykke og fornøya tru på kva ord kan gjere, då Hauge fullførte ein sonett som følgjer sjangerens strenge krav, med interessante avvik og rim-bindingar som skaper ekstra meining på fleire plan.

KORT BIOGRAFISK RISS

Olav Håkonson Hauge blei fødd 18. august 1908 som den tredje i ein søskenflokk på sju der berre fire levde opp. Faren dreiv ein gard som eldste sonen, Pål, overtok i 1937, medan faren bygde seg kårstue og hadde ti mål jord. Her planta Olav frukthagen som gav han levebrødet, og her levde han etter kvart åleine i lang tid. Men i 1975 flytta biletkunstnaren Bodil Cappelen inn etter at dei hadde brevveksla lenge. Poetar og litteratar av mange slag valfarta frå 1960-talet til Ulvik for å møte Hauge, og dei var utan tvil til glede for diktaren på mange vis. Formidlinga av forfatterskapen fekk nye impulsar, sjølv om noko kunne ta preg av dyrking og bli «litteraturkritikk som heimstaddikting». Ingen hadde trudd det var mogleg at det verkeleg fanst ein smålåten mann med så mange bøker og så brei lesing bak seg - ikkje minst av teori om diktekunsten på fleire språk. Arbeidet med å omsetje dikt frå fleire språk tok heilt over for eiga dikting mot slutten av livet. Hauge gjekk eitt år på framhaldsskule og var elev ved Ulvik mellomskule i 1925. Men sjukdom og mange plagar gjorde at han måtte slutte, og så blei det gartnarutdanning i staden, først i heimbygda, men så på Landbrukshøgskulen i Ås. Han skriv litt, prøver seg med å omsette dikt og får nokre på trykk i aviser, men er mykje sjuk. Han tar gartnareksamen med godt resultat, men så bryt han saman. Dagboka seier det slik: «went suddenly mad. Completely». Frå 1934 til seint i 1937 var han pasient på Valen sjukehus - sinnssjukehus var det vel helst. Han meiner å vere ved god helse etter opphaldet, men kjempa likevel gjennom det meste av livet med å kontrollere sjukdomen. Det klarte han ved å innsjå at det «gjeng an å leva i kvardagen òg» og arbeide med frukthagen, lese bøker, skrive eigne dikt, omsette dikt frå engelsk, tysk og fransk. Slik går dagane og åra. Han får refusert ei heil diktsamling etter eitt års venting, og det går nye sju år til før han debuterer - med boka *Glør i oska* i 1946. Både dei ytre fakta og det han sjølv skriv i dagbøkene syner at han lett kunne ha blitt det som med eit særnorsk uttrykk heiter «ei attgløyme»; det var ikkje opplagt at han skulle kome heim frå Valen, men han makta kampen mot undergangskreftene ved å nytte skriving og lesing som hjelp mot einsemd og tungsinn.

Etter debutsamlinga i 1946 kom Hauge med nye samlingar i 1951, 1956, 1961, 1966, 1971 og, som ein del av *Dikt i samling*, ei siste samling i 1980. Han fekk fleire litterære prisar, og var elles ein svært ettertrakta og dyktig opplesar av eigne dikt. Det meste gjekk som før, i det stille, men med litt meir liv både i og utanfor heimen. Og så endra alt seg då Bodil Cappelen flytta inn hos han og dei gifta seg etter tre år. «Bodil kom for godt i dag» står det i dagboka. «Betre seint enn aldri» skriv han,

66 år gamal. Dei siste tjue åra blei såleis prega av mykje meir kontakt, av eit sosialt liv blant vener og kjente, og han tok lett og ledig på seg kappa som aldrande diktar og vismann - slik han absolutt hadde gjort seg fortent til.

Hauge døydde 23. mai 1994, nær 86 år gamal. Robert Bly hadde nett vore på besøk og skreiv eit dikt om det, ved sida av at han omsette mange av Hauges dikt. Saman med ein journalist laga eg ei dobbeltside i Aftenposten til hjelp for stilskriving i vidaregåande skule - om «Til eit Astrup-bilete», berre ei veke eller to før han døydde. Eg hadde møtt Hauge og sette stor pris på han, og i ein vanskeleg nekrolog kunne eg berre slå fast, indirekte, at draumen om å glida inn på ein våg me ikkje har visst om, var blitt røyndom: Men Hauge hadde alltid visst om denne vågen, levd sitt liv og gjort si diktargjerning, i den korte stunda han frå første dikt i første samlinga visste at vi får som gjester på jorda.

DEI ENKELTE DIKTSAMLINGANE

Med debutsamlinga *Glør i oska* skriv Hauge seg inn i tradisjonen frå nynorske diktarar som Olav Nygard og Olav Aukrust. Fleire dikt handlar om dei store spørsmåla i livet, om livsgleda medan vi er her trass det forgjengelege.. Han er likevel smålåten og varsam, for han har berre nokre få songar å kome med. Han veit at han ikkje strekk til, og kjem ofte tilbake til det han ikkje får gjort og det han ikkje får til. Seinare er han i stand til å spøke med eigne manglar – og finn seg til rette med det han trass alt får til.

Det nesten heilage kirsebærtreet i diktarens hage blømer; vi følgjer årstidene som skifter, opplever sterke naturbilete som også seier noko om han som skriv. Her er dikt om handverk og kunst, for å lage eit vers har kanskje noko til felles med det arbeidet skomakaren gjer? Ei ny røyst i norsk poesi bankar så å seie på livsens dør og spør etter meininga med det livet som er hans:

Liv, eg bankar på og spør:
Har eg fenge det eg skulle?
Finst det ikkje enn ei dør inn
til skattar dulde?

Det er mangt felles i tone og uttrykk mellom debutsamlinga og *Under bergfallet* frå 1951. Men denne samlinga er likevel rikare og meir variert, der ikkje minst små, konkrete dikt frå det som finst utafor glasnet der han bur er eit kjenneteikn. Han kjenner seg framleis avmektig og liten, men er på veg mot ei forståing av kva ein må vere i stand til å bere: «Dette

lyt du bera: / at du ikkje strakk til» heiter det ein stad. Det ligg nettopp ei kjensle av å «bu under bergfallet» i denne samlinga. Angsten for raset ligg på lur, men livstrua vinn over redsla. Verre er det då å bu «attum einsemnds berg». Einsemd og kontaktløyse kjenneteiknar ofte diktar-eg'et, som likevel må prøve å bruke både dikt og draum til å halde vanvitet på avstand - sjølv om det han får til berre er «tunn is på eit sovande hav». Trøyst kan det vere i å vende tilbake til dei gamle meistrane, til «min ungdoms skald», slik sonetten «Til Shelley» syner. Men ved sida av kjensla av å leve under bergfallet, av einsemd, mangel på kontakt, sagn og sut, møter vi ei anna haldning i eit lite dikt som nesten er monumentalt i det heilt enkle – nemleg opningsdiktet «Din veg»:

Ingen har varda den vegen
du skal gå
ut i det ukjende,
ut i det blå.

Dette er d i n veg.
Berre du
skal gå han. Og det
er uråd å snu.

Og ikkje vardar du vegen,
du hell.
Og vind stryk ut ditt far
i aude fjell.

Seint rodnar skog i djuvet (1956) etablerte på mange måtar Hauge som den dikteren vi kjenner i dag, sjølv om det kom fleire diktsamlingar etterpå og *Dikt i samling* etter kvart avslutta og toppa diktargjerninga. Hauge fekk rettnok kultstatus først etter *Dropar i austavind* (1966) og *På ørnetuva* (1961) er kanskje den beste og mest konsekvente diktboka, men vi har alle dei mest sentrale elementa i forfattarskapen på plass i den tredje samlinga. Her kjem fyndord frå bondesamfunnet tett på kvarandre, her er røynslene frå slit og strev både ute og inne ved skrivebordet blitt til blankpolerte strofer, her finst levereglar og visdomsord som berre Hauge kunne kome fram til: «Gjer ein annan mann ei beine» viser at hjelp må kunne vere uavhengig av kva ein sjølv får att, og «Syn oss din åker» (seinare retta til «Syn oss åkeren din») i *Dikt i samling* kjem både med åtvaring og tilråding om korleis ein skal oppføre seg:

Møt ikkje med:
gøyande hund,
hotande hand,
trakk ikkje i rugen!
Men syn oss åkeren din
ei morgonstund.

Hauge er ikkje minst kjent for sine konkrete, korte «ting-dikt» som det er mange av i denne samlinga, og blir endå fleire i seinare bøker. Her er dikt om øksekejften, ongelen, kråka og gauken, og dei er tydelege og lettfattelege. Kanskje er det då ikkje så rart at Hauge i den bolken som utgjer denne samlinga i *Dikt i samling* har tatt ut nokre dikt og sett inn andre - ein praksis som gjer at mange dikt frå originalsamlingane fell ut og nye kjem til. Diktsamlingane kjem kronologisk etter kvarandre i *Dikt i samling*, men er altså forandra ganske så radikalt, av dikteren sjølv. I *Seint rodnar skog i djuvet* er eit av dei mest botnlause, urovekkande og intrikate diktet Hauge nokon gong skreiv (etter alt å dømme mot slutten av 1970-talet). Hauge visste kva for ei samling i *Dikt i samling* eit nyskrive dikt skulle inn i. Sonetten «Grøne øyar» finst ikkje i samlinga får 1956; men kjem altså inn i *Dikt i samling* (frå 1981 og seinare):

Grøne øyar

Når du i seine nattetimar ror
ditt hav, på ottedjup, og ikkje ser
eit strå, ein stokk, ein rigg, og utrygt vêr
skvetter kald sjø, – sjå, grønne øyar gror

or havgrå natt. Øyar som venta stødt!
Men har ho miskunn då ei himmelrand,
har ho ei stø for ein som fall av land
og lei og aldri ved ei år har blødt?

Du hadde øyar ingen visste um!
Løn for eit liv i strid forutan svikt.
Og dei du stridde for, tek mot din stamn.

– Eg ror i ring rådlaus; veike rikt
av mine årar opnar ingi hamn
i kald grå synsring. Herrens lov er stum.

Neste samling, *På ørnetuva* frå 1961, fekk Kriticarprisen, og dikteren var ganske stolt over ei bok han så lenge hadde vore usikker på. Vi har alt vore innom eit av dei finaste dikta i samlinga, «Til eit Astrup-bilete». Ein annan sonett i boka, «Kveld i november», er ofte trykt i leseverk og antologiar. Her samlar eit enkelt dikt mykje av det Hauge har vore oppteken av i alle bøkene - dette at ein må finne seg i at ein ikkje strekk til eller ikkje når over alt ein skulle ha gjort. Diktet handlar om tida som går, og dei krav ho set til oss. Her finst også eit dikt som indirekte handlar om eit bilete og inneheld ein kommentar om kva kunsten kan gjere - som er noko anna og viktigare enn vi trur. Diktet «Kornåkeren» er eit dikt om draum og dikt, om kva kunsten gjer, og korleis vi kan bli flytt vekk frå tida og staden slik at vi ser kva stjernehimelen eigenleg er. Legg òg merke til at diktet handlar om eit bilete dikteren såg medan han var innlagd pasient:

Kornåkeren

Eit gamalt tresnitt av Tower Bridge
og eit oljetrykk av ein kornåker.
Andre bilete er det ikkje på avdeling D.

Tower Bridge med sotute tårn yver elvi.
Men det er den kornåkeren eg ser.
Eit gylle hav av korn.
Han er ikkje som andre åkrar. Er det
alle drøymaraugo som har
flutt han inn i sin himmel?

Ein haustblå, mild himmel
utan skurdfolk og ljå.

«Han er ikkje som andre åkrar» – fordi han er summen av alle verkelege åkrar, løfta ut av og sett inn i det varige og uforanderlege. Åkeren skal ikkje haustast, skal aldri bli til stubbåker, men i all æve kan han vere der utan ein tanke på skurdfolk og ljå. Elles er det mykje om einsemd og om kampen med orda i denne samlinga som har henta tittelen sin frå «Skirnesmål» i *Den eldre Edda*. Å sitje på ørnetuve er verkeleg å vere vendt bort frå menneska, men det finst håp både i dikt om kunst og i dikt om ting eller gjenstandar - som hoggestabben som veit han skal stå imot og teie.

Dropar i austavind frå 1966 var samlinga som førte mange nye lesarar, ikkje minst dei som sjølv skreiv dikt, til Hauges dikting. Eit av dei mest

siterte dikta herifrå, «Kvardag», slår fast at dikt og draum, epledyrking og diktskriving, er likeverdige ting. Hauge er endå friare no når det gjeld å variere verseformer, frå dei formsikre sonettane til sentensliknande dikt på få liner og utan rim. Han er lettare på foten, også når «tingdikta» blir mange, og det er ikkje sikkert dei betyr noko djupt - dei berre står der og er. Både i denne samlinga og i *Spør vinden* (1971) og i *Janglestrå* (1980) finst her fleire dikt til andre diktarar som Hauge ser opp til og har lært av - fleire av dei har han omsett mykje av. Kvardagslege ting og enkle opplevingar får stå ved sida av slike dikt, og om forma er heimegjort eller ein særeigen variant av ei klassisk strofeform, syner dikteren at han har full kontroll på det han gjer. Det som mange av dei yngre kollegaene sette særleg pris på, var at Hauges dikting var presis og konkret og nesten nøktern, også der biletrikdomen er stor. Sjølv sagt har vi dikt også hos han som er manande og suggererande, men atterhald og varsemd med verkemiddel kjenneteiknar det meste han skriv.

Som nemnt dreiv Hauge mykje med å omsette dikt frå fleire språkområde, særleg frå midt på 1960-talet og resten av livet. Eigne dikt blei det færre av; i alle fall kom det ikkje fleire separate diktsamlingar. Men når vi kjem fram til tida kring 1980 har det alt kome fleire bøker med dikt i utval (1964, 1975 og 1979), og i 1980 kom første utgåva av *Dikt i samling*. Hauge retta ein god del i gamle dikt og skreiv til nye i dei samleutgåvene som kom medan han levde, og etter hans død har *Dikt i samling* og fleire bøker med utvalde dikt kome ut med jamne mellomrom.

EIN DIKTAR FOR ALLE DAGAR

Olav H. Hauge har ei mengd dikt som syner at dei blei til under kamp og mismot. Orda var så skrøpelege og lite tenlege i høve til alt som skulle og måtte seiast. Men han visste også at eit ord kan vere eit under. Etter kvart må mismotet vike for dikt der han både leikar og ler og diktar seg «ein skrøpeleg sonett» eller syner korleis det går når ein «Gamal diktar prøver seg som modernist». I sum har vi ein forfattarskap som vitnar om ein diktar som heile tida visste kva han gjorde, sjølv om det personlege uttrykket og meisterskapen kom seint. Hauge var klår over at det einaste som gjeld, er å gjere det beste ut av det han har fått i gåve. Han var vendt mot verda, han var vidsynt, men alltid forankra i det heimslege - også når inspirasjonen kom frå ulike kjelder og dikta kommenterte seg sjølv som struktur og kunstverk.

Hauges beste og mest vellukka dikt viser seg å handle om korleis det er å tenkje i dikt; med andre ord om korleis ein skjønar noko, vinn erfaring og gir dette vidare i diktet slik at andre kan lese, reflektere, tenkje

og lære noko. Det kan vere at det finst ting i menneskelivet som berre poesien kan formidle, og det kan faktisk vere slik Hauge seier det – at dikt kan bli vadesteinar i ei kald elv, og at vi stadig treng fleire steinar. Hauges dikting er rotfeste i eit verdssystem og ein måte å leve på som kjenneteiknar eit bondesamfunn i endring. Samstundes er dikta prega av vid lesing av lyrikk frå mange land og språkområde. Det metapoetiske er viktig gjennom heile diktagjeringa, og Hauge las til og med den mest avanserte og moderne litteraturteorien. På eit seminar ville han drøfte Hillis Millers siste bok om «the linguistic moment» med oss som var «lærde professorar»! Det er kanskje «språkaugneblinken» Hauge søkte gjennom diktarlivet; augneblinken då alt fell på plass og syner oss samanhengar vi ikkje hadde drøymt om. For Hauges dikting krinsar støtt kring spørsmål om tilhøvet mellom livet i kvardagen og dei ekstatiske stundene då det gnistrar av orda og verselinene og dikta blir til.

Hauge var levande til stades i si samtid, men det er ikkje ofte han tematiserer saker, hendingar eller spørsmål som er oppe i tida. Slik sett var han ikkje «aktuell», eller kanskje var han det heile tida. Ved ikkje å vere aktuell til ei kvar tid, er Hauge evig aktuell; ved ikkje å vere ein diktar for dagen, er han ein diktar for morgondagen og for alle dagar. Eller ein kan seie at han er diktar i eigentleg forstand. Han visste at det var nødvendig å dikte for å leve og for å vere i livet. Diktardraumen blei verkeleg; dikteren heldt fast på draumen om alt som skulle opne seg og at det vedunderlege skulle skje:

Det er den draumen

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje –
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

HAUGES FORFATTARSKAP:

Glør i oska (1946)
Under bergfallet (1951)
Seint rodnar skog i djuvet (1956)
På ørnetuva (1961)
Dropar i austavind (1966)
Spør vinden (1973)
Janglestrå (i Dikt i samling, 1980)
Dikt i samling (1980, og seinare utgåver)

BØKER OM FORFATTARSKAPEN (EIT UTVAL):

Hadle O. Andersen, Poetens andlet:
Om lyrikaren Olav H. Hauge (2002)
Einar Bjorvand og Knut Johansen, red., Olav H. Hauge.
Ei bok til 60-årsdagen (1968)
Andreas Bjørkum, Målmeistaren frå Ulvik.
Ord og former hjå Olav H. Hauge (1998)
Bodil Cappelen og Ronny Spaans, red., Tid å hausta inn.
31 forfattarar om Olav H. Hauge (2008)
Ole Karlsen, Fansmakt og bergsval dom.
En studie i Olav H. Hauges romantiske metapoesei (2000)
Idar Stegane, Olav H. Hauges dikting.
Frå Glør i oska til Dropar i austavind (1974)
Terje Tønnessen, red., Tunn is.
Om Olav H. Hauges forfattarskap (1994)
Jan Erik Vold, Under Hauges ord.
Essays, samtaler, brev, dikt, fotos (1996)
Knut Olav Åmås, Mitt liv var draum.
Ein biografi om Olav H. Hauge (2004)

GRUNNGJEVING FOR TILDELING AV AMBOLTPRISEN TIL EINAR ØKLAND

Amboltprisen vert delt ut under Poesifestivalen og går til ein person som har arbeidd for Olav H. Hauge si dikting og gjort henne kjent. Styret i Venelaget har vedteke at prisen for 2022 skal gå til Einar Økland.

Einar Andreas Økland er fødd 17. januar 1940 i Valevåg i Sveio. Etter psykologistudiet i Oslo har han budd og arbeid ulike stader, men frå 1985 har han budd i Einar Øklands veg i Sveio, der han vart fødd.

Økland har etter eit langt forfatterskap markert seg som ein av våre fremste lyrikarar. Etter debuten med diktsamlinga Ein gul dag i 1963, har han gitt ut over 80 bøker i dei fleste sjangrar: romanar, dikt, barnebøker, essay/esaysamlingar, dramatik, kritikkar etc. I tillegg har han gjendikta store mengder utanlandsk poesi og vore ein sentral person i dei litterære tidsskrifta Profil og Basar og ulike kunstnar/forfattarorganisasjonar. Han har motteke ei rekkje prisar; Nynorsk litteraturpris, Aschehougprisen, Doblougprisen-Norge og Brages heiderspris i 2015, m.m.

Allereie i 1969 formulerte han: «Å skrive godt er å trengje seg gjennom alt ein veit fram mot det ukjende». Han har vore ein av dei som vil finne ut ting på eiga hand. «Ein kan ikke vite før ein veit» skal han ha sagt.



Einar Økland og Knut Erik Kvamme på arrangementet i Hauges eplehage september 2022.

Foto Guri Hjeltnes

Det har vore viktig for han å få fram at daglegspråket er godt nok til kva det skal vere. Under det som kan verke som ei overflate av enkle ord i lågstil, ligg djupnar av intellektuelle innsikter. Her er slektskapen med Hauge tydeleg. Dei skreiv begge om natur og nytta konkrete emne som sleggja, sagi og hoggestabben hjå Hauge og stempelet i blåbæret eller skujarnet og takrenna hjå Økland.

Han skriv i essayet «Olav H. Hauge? I dag?» frå 2017 at han vart klar over at Olav H. Hauge var ein viktig diktar etter eit møte med forlagssjefen på Noregs Boklag 1962. Etter det las han alt han kom over av Hauge og skaffa seg dei få bøkene han hadde gitt ut. Drygt eit år etter at Økland hadde debutert, våga han seg til å sende boka si til Hauge. Han fekk raskt svar at den hadde han skaffa seg allereide, slik at han no kunne nytte ho som gåve. I Dagboka skriv Hauge om boka: «Eg likar versi hans. Dei unge er dristige, dei er frie og ubundne av alt gamalt. Du les ho på ti minutt, men då hende det noko.» Sidan omtalar han Økland saman med «dei unge», modernistane, som han har vyrndnad for heilt til dei siste omtalene i Dagbøkene utpå 1990 talet.

Økland har gjennom virke sitt stadig framheva Hauge i foredrag, innlegg og meir litterære studiar. Denne verksemda starta med eit nummer av tidsskriftet Profil i 1966. Dei skreiv: «Me kjem i dette nummeret med ein presentasjon av ein diktar som har vore mykje mindre påakta enn han fortener». Veggteksten til ei utstilling i Haugesenteret 2015 beskriver dette slik: «Frå sitt djupe, svarte Hardanger kunne Olav H. Hauge skimte Profil som ein nymåne over Oslo. Frå det fjerne, elektriske Oslo såg dei i Profil Olav H. Hauge lyse som ein fullmåne over Hardanger». Profildjengen, med Økland og nokre akademikarar i Bergen var på den tida sentrale for at Hauge kom fram i Ljoset og etter kvart vart ein folkekjær poet.

Økland har vore ein støttespelar for Venelaget, og siste gong han opptrjedde i Venelagsregi var programmet Olav H. Hauge i dikt og tonar, hausten 2017 på Voss bibliotek saman med Leif Rygg.

Einar Økland er ein verdig prisvinnar - på høg tid.

Styret i Venelaget Olav H. Hauge

PRAKTISK UDUGELIGHET av Kristoffer Chelsom Vogt

Håndballtrening, klokketro på skolen og idiotiske apper: Alt står i veien for at barn skal lære seg å bruke hendene.

Det brer seg en fordumming over det norske land, en storstilt praktisk udugelighet. Norge har stolte og til dels lange tradisjoner for fagopplæring og yrkesfag. Vi har små lønnsforskjeller, og til forskjell fra en del andre steder er det ikke sosialt akseptabelt å se ned på dem som gjøre praktisk arbeid. Om du spør folk om hvilke typer arbeid og kunnskap som er viktig, vil nok mange, ja særlig nå etter pandemien, legge for dagen nyanserte oppfatninger og peke på at sågar ufaglærte renholdere og transportarbeidere gjør svært samfunnsviktige jobber. Problemet er at de institusjonelle rammene for oppvekst og utdanning formilder et ganske annet kunnskapssyn.

Den praktiske fordummingen vi ser i dag, er drevet fram av at barndom og ungdomstid gradvis har blitt mer institusjonalisert og organisert. I et forskningsprosjekt sammen med min kollega Ann Nilsen gjorde vi biografiske intervjuer med tre generasjoner i en rekke ulike familier. Her var det en historisk endring som ble svært tydelig: Barn og unge har i løpet av etterkrigstiden gradvis gjort mindre husholdsarbeid - og de deltar også i mindre grad i foreldrenes lønnsarbeid enn før. Mange vil nok nikke anerkjennende til den observasjonen. Men de

kvalifikasjonsmessige implikasjonene av denne utviklingen blir sjelden tatt alvorlig. Mindre arbeid betyr nemlig mindre læring gjennom arbeid.

«Barn må sitte i bilen», står det på et

LODD

Er du med på romferdi,
eller er du
eitt av disse lodd
som stend att på bakken og segjer
dette gjeng aldri i verdi?
Det er ingen ting å gjera med lodd.
Dei stend der.
Ein kan vega dei upp, dei
segjer ingen ting um det.
Men dei stend der
like urikkelege, like kalde.
Det er dei som veit
kva tingi veg.
(Frå «Spør vinden», 1971)

EG SIKTAR LITT YVER

Ein pil som skal råka, kan ikkje gjere
mange kroker. Men ein god skyttar
reknar med fråstanden og vinden.
So når eg siktar på deg, siktar eg litt yver.
(Frå «Spør vinden», 1971)

skilt på min lokale søppelplass. Barn får ikke lov å hjelpe til i arbeidet med å sortere avfallet oppi ulike containere. I en nettsak på NRK kunne vi nylig lese overskriften «Her må skoleelev hjelpe hurtigbåten til kai; uforsvarlig». En hører om foreldre som tar til orde imot bruk av kniv og sag i sløyden fordi barna

EG SER YVER LJÅRNE FYRE SLÅTTEN

Brukte ljår
held seg blanke,
rustar ikkje, endå
eg ser dei òg forgjengst.
Kva er best, rusta ubrukt i ljåkassen
eller slitast ut av bryne og steinut slått?
(Frå «Spør vinden», 1971)

kan skade seg. På fagspråk kalles dette *safetyisme*, og det bidrar nå til å forsterke en allerede langt kommen fremmedgjøring og frakobling av samfunnets yngste fra potensielt lærerike arbeidsprosesser. Tjenester i hjemmet settes i økende grad ut til migranter eller robotstøysugere mens

ungene er på skole, trening og øvelser. Jo mindre praktisk arbeid barn gjør hjemme, jo større blir behovet for å lære praktisk dugleik på skolen. Skolen har imidlertid gradvis nedprioritert praktiske fag og aktiviteter. På 2000-tallet har blant annet Pisa-testen bidratt til en stor satsing på såkalt «grunnleggende ferdigheter» i betydningen lesing, skriving og regning. Dette har til dels fortrent andre formål i den overordna del av læreplanen. Vi har fått en mer ensrettet og teoretisk skole – og det er langt fra sikkert at denne utviklingen er til det beste for de såkalt «svakeste» elevene.

Med de siste tiårs digitalisering har den moderne fordumming nådd stadig nye høyder. Som et eksempel kan nevnes at den hyppige bruken av GPS sløver hjernene våre, og da særlig hukommelsessenteret hippocampus. Den engangs edle kunst navigasjon - der vi i årtusener er blitt trent i å legge merke til våre omgivelser, vindretningen, landemerker, hvordan fuglene flyr, hvor solen står om dagen og hvor stjernene står om natten – erstattes av apper. De store teknologiselskapene investerer nå

LJÅEN

Eg er so gamal
at eg held meg til ljå.
Stilt syng han i graset,
og tankane kan gå.
Det gjer ikkje vondt heller,
segjer graset,
å falla for ljå.
(Frå «Dropar i austavind», 1966)

enormt i det som kalles idiotisering. Du skal behøve minst mulig ferdigheter for å bruke ulike digitale enheter og apper, og snart også biler.

Nils Christie mente allerede for 50 år siden, i boken «Hvis skolen ikke fantes», at barn burde arbeide mer. Et slikt syn kan fort virke radikalt. Den vellykkede kampen mot barnearbeid regnes tross alt som et

av de største samfunnsmessige fremskritt. Men jeg tror mange i dag egentlig er smått urolig over utviklingen. Et leserinnlegg i Bergens Tidende med tittel «La gutta jobbe» ble et av avisens mest delte innlegg i 2020. Ja, det runget fra kommentarfeltet, la de skoletrøtte guttene jobbe. Her er det verdt å stoppe litt opp. For

hvorfor ikke jentene? I diskusjoner omkring arbeid og utdanning kommer fort noen av antikkens og opplysningstidens minst fruktbare forestillinger i spill, blant annet forestillingen om at det finnes to typer mennesker, de praktiske og de teoretiske, og om at gutter fra naturens side er mer praktiske og derfor trenger mer praktiske aktivitet enn jenter. Slikt er det ikke belegg for å hevde.

Yrkesfag fremstilles tidvis som særlig egnet for dem som ikke er akademisk anlagt, og praktisk arbeid anses som primært egnet som et tiltak for de intellektuelt svake barna, de som ellers ville «falle utenfor». Rådgivere på ungdomsskolen råder visstnok konsekvent skoleflinke elever til å satse på studieforberedende. Det påfallende er at dette skjer uten kartlegging av eventuelle talenter og interesser innen mer praktisk arbeid. Kanskje fordi slike talenter og interesser ikke kan «kartlegges». De kan kun oppdages og utvikles gjennom faktisk arbeid. En svært verdifull innstilling eller tilnærming går på tvers av praktisk og teoretisk arbeid; det den amerikanske sosiologen Richard Sennet kaller *verksmessighet*. *Håndverksmessighet* handler om «doing work well, for its own sake».

Sennet er opptatt av at en slik innstilling må læres i konkrete arbeidssettinger, og derfor kan fremstå som smal, men at den likevel har stor overføringsverdi. Problemløsningsevner, samarbeidsevner som læres gjennom konkrete arbeidsoppgaver, kan være høyst overførbare mellom ulike typer aktiviteter.

En annen variant av denne tanken er å finne hos filosofen Hannah Arendt, som insisterte

SLEGGJA

Eg er berre
ei sleggje.
Eg stend der no.
Eg lyt berre til
når det røyner på.
(Frå «Dropar i austavind», 1966)

MUR

Det kan verta ein god mur
av gamal stein,
når ein legg han godt
og måtar han til.
Men han er kanskje feil hoggen
og ulagleg, kalk etter gamal fuging
heng att, ein ser han har vore i mur fyrr.
Best er det å skjota ut ny stein,
hogga han til slik ein vil ha han,
so ein fær gode band
og god vis.
Då fær du ein stød mur.
Og du kan segja han er din.
(Frå «Dropar i austavind», 1966)

på at *homo faber* – det skapende menneske – er et potensial i oss alle. Vi har alle virkestrang, vi har alle behov og lyst til å kunne peke på noe og si: Den har jeg laget. Praktisk arbeid er ikke et spesialpedagogisk virkemiddel, det er en grunnleggende menneskelig trang og aktivitet. Og ikke mist er det noe jenter har like stort behov for som gutter.

Det hele er i grunnen så enkelt som at den skal tidlig krøkes som god krok skal bli. Det urovekkende er at de samfunnsmessige betingelser for å få tidlig trening i praktiske ferdigheter er blitt dårligere. Det snakkes mye om «inkludering i arbeid», men ikke for barn. Håndballtreninger, klokketro på skolen som læringsarena, digitale aktiviteterers tiltrekningskraft og skilt om at «barn må bli i bilen» på søppelplassen, hindrer barns inkludering i arbeid.

Noe av det som kom tydelig frem i mine egne livshistorieintervjuer med eldre håndverkere og industriarbeidere var at deres formelle kvalifikasjoner (fagbrev og så videre) var underbygget av mye bredere og uformelle kvalifiseringspraksiser enn kun skolegang og læretid. De mest vellykkede kvalifiseringsløp hadde startet tidlig i livsløpet, lenge før de begynte i lære. Mens yrkesfaglig opplæring før kunne bygge på det de unge hadde med seg fra gården, båten, garasjen og kjøkkenet, må den nå oftere starte på null.

Det som blir bejublet og fremdyrket i neste generasjon, har aldri vært smale, med blant annet en storstilt praktisk fordumming som resultat. En bred satsing på håndverksmessighet blant barn og unge kunne nå representere en åpenbar motvekt. Fremavl av det motsatte – praktisk udugelighet – er risikabelt i et samfunnsperspektiv, og like problematisk når det rammer jenter.

Dette er ein lett omarbeidd versjon av ein kronikk i Klassekampen 18. juni 2022. Dei ulike dikta av Olav H. Hauge er sett inn av redaksjonsgruppa i Venelagsheftet som illustrasjon til teksten

«DEI BESTE DIKTA I VERDA ER SONETTAR»

- OLAV H. HAUGE OG SONETTEN av Alf Gunnar Eritslund

I år har Samlaget gitt ut boka «Olav H. Hauge. Til eit Astrup-bilete og andre sonettar». Her finn vi 23 av Hauges eigne sonettar, og 9 omsette, mellom anna av Shakespeare og Wordsworth. Stefan Andreas Sture har stått for utvalet i denne samlinga. Han meiner at vegen til Hauges forfattarskap gjerne kan gå gjennom sonettane. Her kjem Hauges meningar om diktning klart til syne. Vi har fått ein samtale med Sture.

Korleis vil du omtala sonetten som diktform?

Sonetten har ei historie tilbake til 1200-talet. Forma blei utvikla av den italienske diktaren *Giacomo de Lentini*. Det eldste diktet i denne forma er frå 1235. Det metriske mønsteret er opphavleg fjorten femfota jambiske verselinjer, med følgjande rimfletting: ABAB ABAB CDE CDE. I ulike variantar har denne forma overlevd heilt til vår tid. Det som har gjort denne subsjangeren så seigleva, er at han innan ramma av fjorten linjer er så fleksibel når det gjeld innhald og rimfletting.

Trass i at ordet *sonett* på italiensk tyder *liten song*, har sonetten ikkje vore meint til song eller anna framføring. Heller var han skriven for stille kontemplasjon. Kanskje kan dette forklara dei innhaldsmessige trekka som har gått igjen i sonettane opp gjennom hundreåra. Den stramme metriske strukturen synest å gi ei tenleg ramme for logisk organisering av temaet. I mange sonettar finn vi ei todeling som svarar til dei to kvartettane (med fire linjer) på den eine sida og dei to tertettane (med tre linjer) på den andre. Situasjonen som blir omtala i første halvdelan får gjerne ein resolusjonen i den andre. Diktet kan også gå frå det konkrete over til det abstrakte, eller frå det spesielle til det generelle.

Sonettane uttrykker til vanleg ei metahaldning, ein indre monolog i diktform, retta mot skrivaren sjølv, eller mot diktinga. Motivet er gjerne ein broten relasjon mellom individet og fellesskapen, ei kjensle av einsemd, av inne- eller utestenging. Denne spenninga blir gjerne *ikkje* avklara som ei forsoning i det ytre, men ved at individet finn indre ro eller ei tru på evig liv gjennom diktinga.

Kva var det ved denne lyriske forma som appellerte til Hauge?

Ezra Pound meinte at ein sann poet kvar dag burde skrive ein sonett før frukost. Det ser ut til at Hauge likte å «varme opp» med å skrive sonettar,

at dette gav han ei poetisk øving. Sjølv skreiv han sonettar heile livet. I eit dagboknotat frå 1938 står det: «Elles hev eg stræva med ein del sonettar; no hev eg soleis 60, men mange er diverre ringe forseggjorde. Slikt krev mykje arbeid.»

Det vide spennet av idear og kjensler som kan formulerast i denne eldgamle forma kan ha appellert særskilt til Hauge. Han meinte at strukturen gir ramme og form til tankeprosessen, men samtidig stor fridom.

Likevel er ikkje mengda publiserte sonettar omfattande hos Hauge. I den siste boka han gav ut, *Dikt i samling* (1993), tok han med sonettar han ikkje før hadde publisert. Likevel har denne samlinga berre 16 sonettar.

Trass i det avgrensa omfanget er sonettane ein betydeleg del av forfattarskapen til Hauge. Denne diktforma må ha appellert til han også på eit grunnleggande litterært plan. Sjølv om sonettane ofte er kjærleikslyrikk, er temaet gjerne korleis ein kan leva utan at denne kjærleiken blir gjengjeld. I dagbøkene gir Hauge ofte uttrykk for einsemd, for det vi gjerne kallar «utanforskap». I sonettane hans kjem dette til uttrykk som ei spenning mellom diktar-eget og fellesskapen, mellom kvardag og draum, liv og kunst.

I sonetten *Til mine skaldar*, skriven i 1925, då Hauge var berre 17 år, seier han noe om kven han vil vera som diktar:

Til mine skaldar

Til mine skaldar som med heilag glo
min hug på leiting etter sanning sende
og auga mitt mot nye heimar vende,
gjev eg mitt kvad og all mi hylling no.

Å, deira røyster med sin ljuve ljod
er svaling åt mi sjel i alt elende!
Dei tankeglim som dei for evigt tende,
er stjernelyning yver livsens ro.

Og desse strålar, skapt av eige yrke,
skjelv fram utor det store sogemyrket
og aukar støtt i fagerdom og styrke.

Å, kunde desse gneistar i meg tenda
nytt ståleglim, det kunde ogso henda
at eg, som dei, mot framtid ljøs fekk senda!

Det kan sjå ut som sonetten for Hauge også er ein port til verdslitteraturen?

Sonettane viser eit sentralt trekk ved Hauges dikting, den vide spennet i tid og rom, den store litterære kontaktflata. Idar Stegane har sagt at ein kan sjå Hauges bruk av sonetten som ei form for intertekstualitet, som ein «dialog med tradisjonen». I mange av Hauges dikt reflekterer poeten over tilhøvet mellom det lokale og det internasjonale, over samkjensla mellom gartnaren i eplehagen og greske, kinesisk eller japanske diktarar.

Hauge sa ein gong at dei beste dikta i verdslitteraturen er sonettar. Slik sett gav arbeidet med denne diktforma alt frå starten av ein høg himmel over diktargjeringa han såg føre seg. Hans stigande ambisjonar som ung forfattar kjem til uttrykk når han samanliknar si eiga dikting med tekstar frå dei aller største diktarane. Den første sonetten han gav ut, i samlinga *Under bergfallet* (1951), ber tittelen *Til Shelley*.

Til Shelly

Min ungdoms skald! Eg kan kje lenger trø
solstrålan til ditt blåe paradís.

Di tankevogn til svimle høgder ris
og gjer meg ør; og einast ånd, ditt brød,

kan ikkje meg, ein grådig jordson, fø.
Men livet krev av kvar og ein sin pris,
og gauv òg deg i barmen kjøld og is
og kasta i ditt hår sin beiske snø.

Du ånd av eld og storm! Ei villmannstid
er ubudd å ta mot ein son so stor.
Og likevel: i ditt skjott-trødde spor

lyt mannen gå; um han skal verta meir
enn dyret, lyt han audmjukt gje sitt leir
tilbake, brent i kjærleik og ånds strid.

Men korleis stemmer denne diktpraksisen med den moderne lyrikaren Hauge?

Mange av dei unge lyrikarane frå 1960-talet og utover heldt fram Hauge som eit ikon. Samtidig såg dei fleste på sonetten som den typen romantisk lyrikk dei ville bort frå. «[...] to the modernists, the sonnet represented the worst of the previous generation.»

Hauge såg ikkje denne motsetnaden. Han viste til at det moderne gjennombrotet eigentleg var ein svært lang prosess, som faktisk starta då han var heilt ung: «Det opprøret tek til å bli gammalt nå. Det sette for alvor inn nett føre og etter den første verdskrigen.»

Hauge gav då også ut sonettar etter at han fekk sitt moderne gjennombrot med diktsamlinga *Dropar i austavind*, i 1966. Her tok han steget inn i det ein kan kalla eksistensialistisk modernisme. Denne poetikken er kjenneteikna mellom anna med at romantisk forsoning ikkje er mogleg. Men som vi har sett, høver dette i grunnen godt til den sentrale litterære tematikken vi finn i sonett-tradisjonen. Det er også interessant å merke seg at denne diktsamlinga inneheld fleire sonettar enn noen av dei andre diktbøkene til Hauge, fire stykk.

At Hauge skreiv sonettar også etter det moderne gjennombrotet, kan også seie oss at han ikkje berre var ein modernist. Sansen hans for sonetten tyder på at han ikkje fjerna seg heilt frå det tradisjonelle og romantiske synet på diktinga, draumen og kjærleiken.

Kvifor har du samla Hauge-sonettar i ei bok?

Eg meiner det har ein verdi å visa kvaliteten i dei dikta han skreiv i sonettforma. Etter mitt syn finn vi nokon av Hauges aller beste dikt i dette utvalet. Personleg meiner eg *Gullhanen* og *Til eit Astrup-bilete*

er to høgdepunkt, ikkje berre i Hauges dikting, men i norsk lyrisk dikting i det heile.

Det er også interessant å visa det lange tidsspennet mellom sonettane i denne samlinga. Ser vi *Til mine skaldar*, frå 1925, saman med eitt av dei seinare dikta, *Ein greider meir enn ein trur* (*Dropar i austavind*, 1966), viser det seg kor ulik stiltonen kunne vere i sonettane til Hauge - trass i den metriske likskapen.

Som eit eksempel kan vi sjå nærare på diktet som gir tittelen til boka, «Til eit Astrup-bilete»

Til eit Astrup-bilete

Kan henda drøymde dei um dette her
å møtast på ein klote, på ein stad
der hegg og apal stend i syreblad
og blømer slik ei dulgrøn vårnatt nær

ved fjorden? Vera saman, planta bær
og så ein innvigd åker rad for rad
med urter bak ein steingard som dei la
kring helga lundar, dei som fyre fer?

Dei er i riket sitt og sår si jord.
Og vårnatti er ljøs av draum og gror.
Dei legg kje merke til at ein kjem stilt

i snjoskardet og stig på vatnet no.
Men då dei natta, såg dei månen vod
i gullserk ute der so unders mildt.

I dette diktet reflekterer poeten over eit målarstykke av Nikolai Astrup, *Vårnatt i hagen* (1909). Hauge hadde ein kopi av dette biletet heime på Rossvold. Atle Kittang har gitt ei framifrå tolking av dette diktet. (Om denne tolkinga sa Hauge at dette er eit eksempel på at tolkinga er endå betre enn diktet.) Kittang viser at diktet er typisk både for sonettforma og for sentrale tema i Hauges diktunivers. Samtidig er denne sonetten djupt original i Hauges forfatterskap. Vi ser nemleg her at den kjende spenninga mellom individ og fellesskap, mellom liv og draum, endar i ei forsoning. Men korleis kjem denne forsoninga til uttrykk?

I lyrisk dikting, og særskilt i sonettane, blir det gjerne stilt opp ein mur mellom individet og omverda, mellom draumen og røyndommen. Men muren eller garden kan ha ulik funksjon. Ofte er det slik, også hos Hauge, at kunsten, diktinga, tener som eit vern kring individet, *mot* skremmande krefter der ute. Også i dette diktet står skiljet mellom verda og menneska på åkeren sentralt. Dette skiljet blir knytt til steingjerdet som rammar inn åkeren der to menneske arbeider med såing denne vårnatta. Steingjerdet kan her stå for diktinga, kunsten. Men i staden for å verne *mot* noe, blir han her eit vern *om* noko, om åkeren og fellesskapen mellom dei to.

Som ein kontrast til mange av dikta til Hauge ser vi dermed at den kjende spenninga blir utløyst. Draumen blir realisert, lengten blir røyndom. Og dette bygger på at den konkrete åkeren og handlinga dei to i



biletet er saman om, såinga, blir omtala som noe verdfullt, noe heilag («helga lundar»). Dermed blir forsoninga dette at diktinga vernar kring det mest verdfulle i livet. Kittang seier det slik: «Bak grindene diktaren skaper gjennom sine ord, er draumen trygg og kan gro.»

Kva vil du då samlande seie om Hauges sonettskriving?

Oppsummerande kan vi slå fast at sonettforma stod sentralt i Hauges literære førestillingar og praksis heilt frå ungdommen av. Gjennom bruken av denne forma knytte han si eiga dikting til ei av dei mest tradisjonsrike og omtykte diktformene i verdslitteraturen. I si lange historie har denne forma blitt brukt som ramme for refleksjon kring sentrale motiv, ikkje minst eksistensielle spørsmål, om relasjonen mellom individet og verda, mellom draumen og røynda. Slik er det også Hauge brukar denne diktforma. I mykje av si dikting krinsar han om kunst og røyndom, kvardag og draum, og ikkje minst om diktingas verd.

Derfor er det ikkje underleg at han kjende seg dregen mot sonetten. Gjennom sin bruk av sonettforma viser han at stramme lyriske strukturar også kan verke frigjerande. Og at god dikting sprenger grensene mellom det moderne og tradisjonelle, mellom det lokale og globale.

INNBETALING AV LAGSPENGAR

**Vi minner om at for 2022 treng
Venelaget Olav H. Hauge Lagspengar.**

Dei er som før kr. 250 og kan betalast til konto 3450 30 01960
ved kasserar Anders Opheim,
Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

Du kan og Vippsa til: 586853

Som medlem får du tilsendt Venelagsheftet
i posten to gongar i året.

Skriv tydeleg namn, adresse og e-post til avsendaren.

E-post til Venelaget kan sendast til leiararen:
aagot.gammersvik@gmail.com

DIKT OG DAGBOK - EI JAMFØRING av Torbjørn Ljones

Ein tidleg haustdag i september hadde Nils- Erik Kvamme og eg eit samarbeidsprosjekt på Rossvoll under Poesifestivalen. Eg hadde funne fram tekstar frå dagbøkene til Olav H. Hauge som på ulik vis utdjupa dikta som Nils- Erik las. Her kjem ei kort innleiing og tekstane:

Etter å ha lese dikta til Olav H. Hauge saman med dagbøkene, ser eg at mange av dikta er korte eller litt lengre forteljingar, og at mange av tekstane i dagbøkene kan likna på lange eller korte dikt. Tekstane flyt over i kvarandre, og i dagbøkene er det hundrevis av dikt som ikkje er publiserte andre stader.

Dagbøkene er rein poesi, men og underhaldning, filosofi og lokalhistorie. Dikta i samlingane er det sagt mykje om, men dei skil seg kanskje ikkje so mykje ut frå tekstane i dagbøkene anna enn i format?

Til diktet

«Seljefløyta» frå Glør i oska 1946

Eg fann ein seljerunne
ein dag eg hogg ned mork,
og skar ei vakker fløyte
av grøn og savgul bork.
Det var so fin ein vårdag,
eg minnest enno godt
eg sette meg i urdi
og bles ein liten slått.

Um kjærleik, kan eg tenkja,
um liv og død og slikt
som kjem i unggut-hugen
i draumar og i dikt.



Foto: Solgunn Flatabø Mandelid / Avis Hordaland

Og ljose voner leika,
men lell var hugen sår.
for eg var sjuk og usæl
og berre femtan år.

Det græt ei seljefløyte
i vårgrøn markalid,
og denne ljoden plistrar
i hugen all mi tid.
Som smågut bles eg fløyte,
no har eg alle ord,
men maktar ikkje tolka
mi sorg og sut på jord.

Dagboka september 1952 (s. 431):

Det er liksom krefter utum ein sjølv som då spelar inn, ein er i handi på dei. Kjem ein gjennom, so er det so, det gjeng blindt då, på eit anna plan. Og fysiske smerter er vel ikkje til, vanleg sjukdom ikkje heller. Eg vil ikkje bruka sjukdom um slike tilstandar, og vil ikkje sjå på dei som folk gjer, men ta vanvit som den store nåde det er, og takka for det ein fekk sjå og høyra.

Til diktet

«Kvardag» frå Dropar i austavind 1966

Dei store stormane
har du attum deg.
Då spurde du ikkje
kvi du var til,
kvar du kom frå eller kvar du gjekk,
du berre var i stormen,
var i elden.
Men det gjeng an å leve
i kvardagen òg,
den grå stille dagen,
setja potetor, raka lauv
og bera ris,
det er so mangt å tenkje på her i verdi,
eit manneliv strekk ikkje til.
Etter strævet kan du steikja flesk
og lesa kinesiske vers.
Gamle Laertes skar klunger
og grov um fiketrei,
og let heltane slåst ved Troja.

Dagboka 10.01 1986:

Slo inn med storstorm, ja, med det stridaste eg har kjent han. Heile Vestlandet stod i eitt rok, den lette mjøllsnjoen rauk i kvervlar frå alle fjell. Eg stod i løa og saga ved; strimor av fin mjøll stod inn gjennom alle sprekkor og sprungor, la seg som fint sukker yver alt som inne var; heile løa dura, vart til eit veldigt orgel. Kom eg ut, greip kvervlane tak i meg so eg nesten laut krabba i snjoen, eg såg ingen ting, eg vart blind på ein blunk, gjennomisa, du vilde kroka og forkomast, kor kledd du var. Slik rasa snjostormen, til han gav seg om mot kvelden.

Til diktet

«Når det kjem til stykket» frå Janglestrå 1980

År ut og år inn har du site bøygd yver bøkene,
du har samla deg meir kunnskap
enn du treng til ni liv.
Når det kjem til stykket, er det
so lite som skal til, og det vesle
har hjarta alltid visst.

I Egypt hadde guden for lærdom
hovud som ei ape.

Dagboka 01.08.87:

Dette skal eg ikkje gjera meir. Bodil synt meg korleis eg skulle starta bilen, gjeva gass, styra, bremsa. Vel, det gjekk godt det i tunet. So køyrde me og oppyver flaten; ho snudde bilen, og eg skulle køyra nedatt. Han rulla av seg sjølv det meste av veggen og eg hadde berre å passa styret. I svingen inn på tunet, laut eg gjeva gass- og trødde hardt til- og dermed flaug bilen i husnovi. Støytfangaren, høgre lykti, sideskjermen vart knuste.... Vassbordi og novi var ille medfarne.Eg lova eg skulde ikkje prøva å køyra bil meir. ...Ein bil er eit fårleg køyrety!

Til diktet

Det blå landet frå På ørnetuva 1961

Her er eg trygg, her er det eiker kring murane,
her blenkjer sundi bak havslitne fjell.
Stend eg innanfor glaset,
har dei veldige eikene
ein djup oljetone
som eit gamalt målarstykke,
på den emaljebå himmelen

stend attglyymde skyer
i jag frå havet.
Eikelauv i haustsol!
Blålandet, berglandet, havlandet
og aldrar attum meg
i tung fargebragd

og gløding.
I dag er det kjøld og snøflingror i lufti,
dei nakne greinene grip som klør
etter varme og siste oson.
Eg gjeng i det blå landet
under fallande blokkor.
Og ein dag er Yggdrasil snaud.

Dagboka 19.08 1944:

I dag var eg på vitjing til Eivind og Torgeir, Liagutane som folk her segjer. Det var Eivind eg skulde tala med. Og han var på lemme sin som han plar vera. Underleg skrue, den Eivinden. Eg hev kjent han sidan eg var gut. Både han Torgeir, broren, hev drive med måling og teikning sidan dei var neven store ...Torgeir hev livnært seg med målingi på eit skarve vis, men Eivind la penselen på hylla for ti år sidan. Han vilde granska og studera. Mykje skal dei ikkje ha desse karane. Korkje mat eller klede. Litt snus og ein stump er kosten. .. Men lyt dei sakna mykje av det som folk flest reknar til dagleg naudturft, so hev dei den dyraste luksus, nemleg fritid. ...Rettelege frifantar med ei skjorte og ei sjel. Bohemar av reinaste vatn som bryr seg fan i all folkeskikk. Dei ville leva sitt liv slik, og dyrka kunsten og andre hugsmål. Men fatige er dei. Dei lever etter skrifti. Dei spinn ikkje, sår ikkje, dei haustar ikkje. Men sjå um dei lever likevel.

Til diktet

Eg stend her eg seddu frå Dropar i austavind 1966

Eg stod her i fjor òg eg, seddu.
Eg kjem til å stå her eg, seddu.
Eg tek det eg, seddu.

Du veit ikkje noko du, seddu.
Du er nyss komen du, seddu.
Kor lenge skal me stå her?
Me fær vel eta, seddu.

Eg stend når eg et òg eg, seddu.
Og kastar fatet i veggen.

Me fær vel kvila, seddu.
Me får vel sova, seddu.

Me fær vel pissa og skita òg, seddu.
Kor lenge skal me stå her?
Eg stend eg, seddu.
Eg tek det eg, seddu.

Eg kjem til å stå her, eg, seddu.

Dagboka 19.09.65

Heile avdeling D. pukka på kunst. Der song dei, der preika dei, der teikna dei, der stod dei på eitt bein til Guds ære, der øvde dei seg i audmykt, der greip dei verdens og heimensens styring. Og tolde kvarandre. Når Vossen kom upp or sella kvar morgon, tagna Hansen ved langbordet og lydde på, trippa litt med foten, og sa: tja, tja. Ja det var noko det og, det Vossen for med. So smellte han i att. Hjarta gol skirt og høgt, eller han skritta midt i fuglemålet sitt. Han var no sjef. Og når gamle Vamraak, notabasen stemde i med sine veldige salmar, då pusta og pistra Hansen med seg sjølv og let han dura på. Det er noko det og. Dei pukka på kunst.

Til diktet

«Kvi gråta, korn?» frå Seint rodnar skog i djuvet 1956

Kvi gråta, korn, når skalet brest
og groren bryt si brynje?
Du var eit korn, med snerpor fest
til harde agner, herke, kvest,
i såhands faste mynje.

I haustkald mold du øyrdest ned,
i jord og natt og kvide.
Men livsens kim, i orvons fred,
si tenne braut, den harde ved
vart skuva stilt til side.

Kva er din draum, du veike strå,
ein vår i åkerskorpe?
Eit drag på munnen skal du få!
Eg før deg då, og du kan sjå
eg lagar vinden horpe.

Dagboka 13.03.60:

Gråt er regn for sinnet. Velsignande som regn for marki ein vårdag. Friskt og styrkt skin det etter doggfall av tårer. Det er ikkje undrast på at folk i dag turkar ut, dei har ikkje friskt sinn, dei grært ikkje. Vinje heldt seg frisk med å gråta.

JOLAHESLING

Då gjenstår det berre å ynskja alle medlemmer i Venelaget ei retteleg god jol med diktet Vinternatt. Diktet er frå Olav H. Hauge si diktsamling «Under bergfallet» (1951). Diktet er tonesett av Finn Coren og er no også ofte nytta som ein salme.

VINTERNATT

No kveikjer Vårherre sitt joletre
i den kvite vinternatt.
All den glitrande stasen, barn,
vilde du gjerne havt.

Himmelgrani so fin og blå
har greiner av tandrande ljøs;
Karlsvogner kjem frå langferd der,
og måneskip sigler sin kos.

Du vil gripa og leika, barn.
Og kanskje skal di hand
eingong plukka månar ned
og sløkkja stjernor i brand.



Med dette vil eg få ynskja alle ei retteleg god jol!

Ågot Gammersvik

KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

Hans H. Skei. Fødd 1945. Hans H. Skei er professor emeritus i litteraturvitskap, litteraturkritikar og omsetjar. Som litteraturforskar og formidlar har han særleg vore oppteken av amerikansk sørstatslitteratur og kriminallitteratur. Han er norsk redaktør av Nordisk Tidsskrift.

Alf Gunnar Eritslund. Fødd 1949. Har arbeidd som førstelektor i norsk ved lærarutdanninga på OsloMet. 1994–98 leiar av Lærarutdanningsrådet. Har forska på skulehistorie, og blei dr.philos. i 2020 på ei avhandling om vekkingssørsla og lærarutdanninga. Har gitt ut bøker om vekking og undervisning.

Torbjørn Ljones. Fødd 1954 er frå Ulvik og skreiv hovudoppgåve om resepsjonen av Olav H. Hauge si dikting i 1982. Han har arbeidd som rektor i 35 år og er no pensjonert vikarlærer. Han har skriva to bøker under psevdonymet Kvitanesen og mange tekstar i Hordaland og Facebook under same namn.

Stefan Andreas Sture. Fødd 1969. Litteraturvitar, norsklektor, historielærer og skribent. Til sept. 2022 styremedlem i Venelaget Olav H. Hauge.

Kristoffer Chelsom Vogt. Fødd 1982. Professor i sosiologi ved Universitetet i Bergen. Forskningsinteresse i skjæringsfeltet mellom livsløpsforskning og forskning på arbeid, utdanning, klasse, familie og kjønn.

<<FORNAVN>> <<ETTERNAVN>>

<<adresse>>

<<postadresse>>

<<land>>



Returadresse: ???



STYRET I VENELAGET

Ågot Gammersvik, leiar - aagot.gammersvik@gmail.com - tlf 917 75 735

Guri Hjeltne, nestleiar - guri.hjeltnes@hlsenteret.no - tlf 452 30 353

Torbjørn Ljones - torbjorn@ljones.no - 934 12 412

Marit Hafting - marit.hafting@gmail.com - tlf 995 50 315

Vidar Vambheim - vidar.vambheim@uit.no - tlf 452 19 833

Alf Gunnar Ertsland, varamedlem - alfgunnar49@outlook.com - tlf 992 74 225

Ingebjørg Winjum - ibwinjum@hotmail.com - tlf 404 03 863

Kasserar og rekneskapsførar: Anders Opheim - andersko@ulvik.org

Redaksjon for dette heftet: Marit Hafting, Ågot Gammersvik, Torbjørn Ljones, Alf Gunnar Ertsland, Ingebjørg Winjum.

